

## **Fogn Grendalag, styret.**

### **Referat frå styremøte 17.oktober 2013.**

**Møtestad: Fogn oppvekstsenter.**

**Møtetid: Kl.20.00 - kl.21.30**

Merete Kindingstad var fråverande, men vararepresentant møtte.

#### **SAKLISTE:**

##### **Sak 1: Korleis skaffa inntakter til Grendalaget gjennom annonsering via «heimesida».**

Håvard Østhus var invitert til møtet. Han orienterte generelt om heimesida og dessutan om all «trafikken» som nyttar Fogn.org. Han var positiv til å få til avtalar for annonsering via Gredalaget si heimeside.

Altså, Fogn.org er mykje nytta av innbyggjarane i Finnøy kommune, men også fleire og fleire utanfor kommunegrensene ser kvalitetetane her.

Frå før kjenner ein til at næringslivet på Fogn er positive til annonsering via heimesida, og i samband med dette er det mange spørsmål som dukkar opp:

Kven skal få lov til å annonsera på denne sida?

Skal ein avgrensa dette til vår eigen kommune?

Kva skal annonseringa kosta for kundane?

Kven skal utføra det praktiske arbeidet i samband med annonseringa?

Kven tek seg av rekneskapen for dette?

Ein person må vera ansvarleg for drifta....

Grendalagsstyret nedsette ei gruppe for å sjå nærare på denne saka, og vidare orientera styret på neste møte om framdrifta.

Styremedlemmene Kristoffer og Mari Anne vil saman med «primus motor», Håvard, sjå på saka.

##### **Sak 2: Samferdsel.**

Viser her til referat i denne saka frå 22.september 13.

Grunna at heile styret ikkje var til stades under siste møte under røystinga for å senda brev til kommune og fylke, ville underteikna ha synspunkter i saka frå dei som var fråverande.

Det kom fram under møtet at dei som ikkje var med 22/9 var samde med fleirtalet si avgjerd.

##### **Sak 3: Grendalaget som utviklingskraft.**

Heidi Skifjell, Finnøy Næringshage, har invitert til møte i Næringshagen sine lokaler på Judaberg onsdag 23.oktober.

Dansken Povl Nørgård skulle orientere med utgangspunkt i «Grendalaget som utviklingskraft».

Jostein, Malvin og Kristoffer lova å delta på møtet.

##### **Sak 4: Samordning med lag og organisasjonar angående felles arbeid.**

Vi gjekk bort frå å samla alle organisasjonane til felles møte for samordning.

Men, vi vil til eikvar tid søkja kontakt der vi intuitivt ser at vi treng samordning.

**Sak 5: Kulturgruppa.**

Kultursjef, Malvin, orienterte. Kulturgruppa har gjennom sommaren og hausten vore aktive.

**Sak 6: Eventuelt arrangement i Grendalaget sin regi fram mot JUL.**

Grendalaget tek ikkje initiativ til noko «happening» ved butikken før jul.

Men, Jostein og Kristoffer vil saman med butikkinnehavar, Arnstein, sjå til at JULEGRANA blir tend innan rett tid.

**Sak 7: Ymse.**

Håvard refererte her til oppretting av eit eventuelt ungdomsråd, og at det ville vera naturleg at Grendalaget kom med forslag til kandidatar.

For Grendalaget

Jostein